



Jan Gunnar Hoff åleine ved flygelet, på sterk og vakker plate, innspelt i Sofienberg kirke i Oslo.

FOTO: MORTEN LINDBERG

# Hoffs glitrande solodebut

**Pianisten og komponisten Jan Gunnar Hoff er ein mann for store verk. På «Living» spelar han «Å eg veit meg eit land» solo.**

Det er den eine songen av to han ikkje har komponert sjølv, på sitt første piano soloalbum, og han spelar songen til Elias Blix og Adolf Thomsen vakkert og sterkt, før hans eige «Sacrifice» avsluttar eit stort album. Etter over tretti år på jazzscena framstår han i full blom som den eminente pianisten han er. Og mens eg lyttar til dei vakre songane med «Living» som opningslåt, dukkar det minne fram, som Hoff i forrykande duell med den elektrisk Pat Metheny då gitaristen var Artist In Residence i Molde, ein konsert det enno blir snakka om. Det har alltid vore noko frodig over pianospelet hans, både i lyriske stykke og i klangsterke låtar som «Mirror II», der han utnyttar flygelet i all sin velde. I flokken av jazzpianistar som har tatt steget og gått solo, spelar Hoff eit større register enn dei fleste. Fleire av stykka er frå verk han har laga musikk til tidlegare, «Sommernat» og «Ferdigte» er inspirert av to Hamsundikt, spela av ein som også har vore landsdelsmusikar i nord.

Sidan Hoff stilte med trio i 1976 og frå nittitalet for alvor satsa på eigne band er merittlista lang, også når det gjeld bestillingsverk, med det minnerike «Flow Songs» med Maria Joao på Vossa Jazz som eitt av mange. Internasjonalt gjer han for tida furore i trio med bassist Per Mathisen og Alex Acuna, trommeslagaren frå Peru som har heile verda som arena. Om vegen dit han har nådd, fortel Hoff sjølv om, etter å ha krona verket så langt med ein solodebut av klasse.

## TIL CHERRYS ÆRE

Trilok Gurtu, indisk perkusjonist som i ein mannsalder har feira musikalske triumfar i heile verda, når nye høgder på albumet «Spellbound», ein tributt til Don Cherry med sterk mønstring av trompetistar, mellom dei Nils Petter Molvær. Cherry var den første amerikanske trompetisten som på byrjinga av syttitalet oppmuntra den unge perkusjonisten som kom til Europa, og som sidan skulle gjere ein unik karriere i mange band, også med Jan Garbarek. Difor er alt som kjem ut av albumet etter ein live-snutt med Gurtu og Cherry dazumal, eit uttrykk for Gurtus beundring jazzpioneren frå femtiåra med Coltrane, til han døydde i 1995. Og «verdsmusikaren» Gurtu heidrar med eit mest reindyrka jazzalbum, med musikk frå Dizzy Gillespie til Miles Miles, den siste frå «Jack Johnson» (med Nils Petter Molvær) og med «All Blues» (med USA-trompetist Ambrose Akinmusire). Til musikk av både Gurtu og Cherry er også den libanesisk trompetisten Ibrahim Maloof med, den italienske Paolo Fresu, tyrkiske Hasan Güzelik og tyske Mattias Schriefl. Med Gurtus faste medspelarar Tulug Tirpan og

bassist Jonathan Cuniado, er «Spellbound» eit tvers gjennom forrykande album.

## PÅ BASS: RON CARTER

Som ein jazzens siste elegantier står Ron Carter høgreist på scena med bassen sin, på albumet «San Sebastian» med The Golden Striker Trio, ein trio den snart 76 år gamle Carter første gong sette saman i 2003 med namn etter ein låt pianisten John Lewis i Modern Jazz Quartet spelte inn i for femti år sidan. Ved flygelet er Mulgrew Miller (58), med gitar Russell Malone (49), og det er nesten tre generasjonar på scena med bassisten frå den legendariske sekstitalskvintetten til Miles Davis. Trioen kan vi også sjå live takk vere ein bonus-DVD til. Gulltrioen opnar med Ron Carters eigen «Candle Light». Etterpå følger «My Funny Valentine», og som solist er Ron Carter sjøve personifiseringa av å spele med stil, på den måten han har tenkt å spele til akkurat den musikken. Eg møtte han med eit liknande format på Kongsberg, pastoral å sjå til, men venleg og med viktige tankar å snakke om når det gjeld musikkens vesen. Her med Miller og Malone i samspel, i det somme vil kalle kammerjazz i måten å spele saman på.

På konsertopptaka frå San Sebastian i Spania er Carters finaste solo i Luis Bonfas «Samba de Orpheu», laga til filmen Orfeu Negro. Carters eigen «Saudade» er også ein vinnar. Dei same songane er med på DVD-en, og det er Ron Carter som spelar våren inn.



**Jan Gunnar Hoff**  
«Living»  
2L  
(Musikkoperatørene)



**Ron Carter**  
Golden Striker Trio  
«San Sebastian»  
In + Out Record  
(Musikklosen)



**Trilok Gurtu**  
«Spellbound»  
Muuiscus  
(Musikklosen)



## Madeleines songar

Det einaste som tel er songen, seier Madeleine Peyroux (40), og songar har ho valt frå øvste hylle når ho lanserer sitt sjuande album «The Blue Room» (Emarcy/Universal) for full musikk, med nokre av songane orkestrert med strykarar av meisteren i faget Vince Mendoza. Etter å ha platedebutert i Billie Holiday-stil på «Dreamland» 1996 hamna Peyroux i ein jazzkatalog ho vart verande i, sjølv om det gjekk åtte år til oppfølgjaren. På «Blue Room» heidrar ho Ray Charles med «Born To Lose» like lett som Buddy Holly, Randy Newman («Guilty»), Leonard Cohen («Bird On The Wire»), Don Gibson («I Can't Stop Loving You») og eit knippe andre som «Bye Bye Love». Producent er Larry Klein, musikarane er av dei beste, så også arrangementa med og utan strenger. For to år sidan heitte plata «Standing on The Rooftop», og Peyroux står framleis støtt når ho boltrar seg i den store songboka.



## Harvie og Kenny

Han er fødd Harvie Shwarz i 1948, men bassisten kallar seg no Harvie S. Kenny Barron, klippe i elegant amerikansk pianojazz fyller snart sytti, og på «Witchcraft» (Savant/Musikklosen) etter Cy Coleman låt, snakkar vi om det som i gamle dagar heitte hyggestund ved klaveret med bass attåt. Lett og elegant spelar dei seg gjennom eit knippe på ti songar, til avnytting uansett årstid og istid.

**ROALD HELGHEIM**

